

Eit slag for songdansen

For mange danseringar er songdansen eit "stebarn". Ofte er det vel slik at den blir tatt til slutt - slik at dei som ikkje vil vera med kan gå heim.

Det er tydeleg at praksis og pedagogisk tilnærming til temaet ikkje er oppdatert. Det kan ein bl. a. sjå på at tilstrøyminga til kor aukar - og av det må ein kunna konkludera at mange faktisk likar å synga.

Kurset vil ta for seg grunnleggande songteknikk og gjennomgang av ein eller to kjende folkemelodiar trestemt - f. eks. Ola Glomstulen og Mellom bakkar

Lørdag kveld blir det mykje dans. Musikkelevane får prøva seg på å spela til dans - aleine eller i større eller mindre grupper og i forskjellige rytmar. Dansarane blir "sensor". Me ser dermed på kvelden som ein del av kurset - men sjølvsagt ledigare i formene.

Meld inn spesielle interesser!

Har du ønske om spesielle tema me bør ta opp, så er du velkommen til det. Eit lag har ønska seg gjennomgang av det å spela god Røros-pols.

og berg. Kanskje er dette en ide som kan skape variasjon - og interesse for songdansen?

Kjell Viig blir lærar på kurset. Han er dyktig kordirigent, songpedagog og medlem av koret Grex Vokalis.

I år vil dette kurset bli litt utvida, og det vil ikkje bli kjørt parallellesjonar for dansarane. På denne måten håpar me at mange blir med på denne innføringsøkta - og slik "ta sjansen" på at songdans kan vera meir artig enn du trudde.



NB! BINDANDE PÅMELDING INNAN 15. DESEMBER 2006 NB!

Send helst ein påmeldingsblankett pr. person eller par. Påmeldinga blir bekrefta frå SAFFA .

Navn: Alder:

Adresse: E-post:

Tlf. privat: Mobiltelefon:

Dans eller musikk? Sett kryss

- | | | |
|----|--------|-----|
| 1. | Musikk | () |
| 2. | Dans | () |

Evnet. Merknadar/ønskje ?

Kursavgifta skal betalast samtidig med påmeldinga og seinast 15. desember til: SAFFA ved kasserer Odd Gerhard Jensen, Glimmerv. 9, 1488 Hakadal. Bankkontonr.: 0530.35.85577

NB! Skriv tydeleg navn på innbetalinga NB!

Kurspris pr. person med overnatting i enkeltrom -----	kr. 1 480,-
Kurspris pr. person med overnatting i dobbeltrom -----	kr. 1 280,-
Kurspris pr. person utan overnatting, men lunsj og middag -----	kr. 880,-

Registrering på Sørmarka lørdag 13. januar frå kl 08.00. Kursstart kl 09.00.

HAR DU SPØRSMÅL OM KURSET? RING NILS SELAND TEL. 9066 6867 ELLER E-POST SAFFA@ONLINE.NO



Utgitt av Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk i Akershus.

SAFFA-kurs på Sørmarka

lørdag og søndag 13. og 14. januar 2007

SAFFA ønskjer å tilby slik fagleg oppgradering på både musikk- og dansefeltet som er tyngre å få til for enkeltlaga aleine. Rytmeøving og rytme-forståelse er tema som - i alle fall til nå - har vore lite vektlagt i dei fleste lag. Me opplever at musikaren spelar reinlender når det eigentleg skal vera polka og dansaren som har problem med å skilja mazurka og pols. Me må koma bort frå den "matematiske" tilnærminga til emnet og skapa opning for oppleving. Særleg har spelemannsopplæringa fått større plass på dei siste SAFFA-kursa. Det hjelper lite for dansaren å perfeksjonera seg viss han ikkje kan praktisera med god, levande musikk. Her blir det ikkje grunnopplæring i teknikk og nye slåttar, men den gode dansemusikken som er målet.

Vegar Vårdal er solid fagperson som SAFFA har drege vekslar på i fleire år. Han vil ha økter med både dansarar og musikarar der han vil fokusera på rytme-forståelse. Skal det bli god samhandling mellom dansar og spelemann, så må ein ha eit felles grunnlag. Elles vil Vegar ta seg av fele- og andre aktuelle samspeleinstrument for å trimma ulike dansertymar, tæl, puls og driv i musikken.

Inge Gjever har trekkspel og toradar-spelemennene som sitt hovudansvar, men fokus her blir heller ikkje teknisk trening og nye melodiar. Det er dansespelet som skal perfeksjoneras.

Springdans frå Hadeland

blir blir gjennomgått i eit eige kortkurs med Anne Ma. Nordraak som instruktør.

Finnskogpols

Denne økta lørdag blir litt redusert samanlikna med tidlegare år. Meininga er at dei som ikkje har vore

borti dansen før kan få ei innføring og ein "apettivvekkar" - og at dei meir erfarte kan få ei verdifull oppfrisking med Bjørn Sverre Hol Haugen.

Springdans frå Hadeland

Pål Anders Sveen, dansar i Tingelstadringen på Hadeland og vinnar av Vest-Oppland-kappleiken er instruktør saman med Elin Eidsand. For å sikra tradisjonsrett rytme av høg kvalitet, vil Anne Eidsand stå for musikken til kurset i år. Anne er også klar for å ta ei økt med musikkelevar som ønskjer innføring i å spela denne springdansen. For interesserte, så kan det sendast ut noter til 4-5 teknisk enkle slåttar før kurset.

